

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-U01, FE-223, HistSak-12/594	23/99

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2023	Kraftfondsstyret	PS	05.06.2023
032/2023	Kommunestyret	PS	12.06.2023

Tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i Gulen og Masfjorden Utvikling as

Vedlegg:

Journalposttittel

Tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i Gulen og Masfjorden utvikling AS

Dato

04.05.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting i kraftfondsstyret, og at kraftfondsstyret innstiller overfor kommunestyret

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i Gulen og Masfjorden utvikling AS

Vi syner til tidlegare kommunikasjon om at Vestland fylkeskommune ønskjer å avhende aksjane i Gulen og Masfjorden utvikling AS, m.a. brev til selskapet og med kopi til eigarkommunane og SIVA den 18.03.2022.

Vestland fylkeskommune har, saman med SIVA, tidlegare kommunisert at vi ønskjer å tilby sal av aksjane til andre eigarkommunar til marknadspris, der marknadspris tek utgangspunkt i ei verddivurdering av selskapet. Vi har også kommunisert at vi er opne for ei løysing der ein set ned selskapet sin aksjekapital og overkursfond, og tilbakebetalar kapital tilsvarande våre respektive verdiar.

Fylkeskommunen og SIVA sitt initiativ var tema i to eigarmøte i selskapet i 2022, den 30.06.22 og den 30.11.22, men utan at vi eigarane klarte å kome fram til ei felles forståing av kva som var rett verddivurdering av selskapet og kven som hadde skote inn kva ved skipinga.

Frå fylkeskommunen sitt signaliserte krav på 4 999 000 kr vil vi derfor trekke frå 2 625 000 kr. Fylkeskommunen sitt tilbod er derfor kjøp av aksjane til **2 374 000 kr**. Alternativet er at selskapet set ned aksjekapital og overkursfond tilsvarande. Både omsetjing av aksjar og nedsetjing av selskapskapitalen må gjennomførast i tråd med aksjelova sine reglar om dette.

Selskapet vil etter nedsetting framleis ha eit svært solid økonomisk fundament, og gode moglegheiter til å realisere selskapet sine føremål og strategiar.

Fylkeskommunen imøteser dykkar attendemelding på dette, og håpar vi deretter kan kome saman for å drøfte den vidare saksgangen i eit eigarmøte.

Heile skrivet frå Fylkeskommunen følgjer som saksvedlegg.

Uttale/førebels svar til Fylkeskommunen

Viser til brev datert den 4.5.2023 vedk. kjøp av Fylkeskommunen sine aksjar i GMU AS.

Masfjorden kommune vil drøfte saka i møte hhv. 5 og 12.juni 2023, og ta stilling til kven som skal forhandle på vegne av kommunen og fastsette evt. mandat for forhandlingane.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for drøfting i kraftfondsstyret, og at kraftfondsstyret innstiller til kommunestyret

Kraftfondsstyret - 018/2023

KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framleg til vedtak i møtet:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen vert Masfjorden kommune sin representant i forhandlingane med Vesteland fylkeskommune og Siva om eventuelt kjøp av aksjer i GMU. Forhandlingsresultatet skal leggst fram for kommunestyret for endeleg tilslutning.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - vedtak:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen vert Masfjorden kommune sin representant i forhandlingane med Vesteland fylkeskommune og Siva om eventuelt kjøp av aksjer i GMU. Forhandlingsresultatet skal leggst fram for kommunestyret for endeleg tilslutning.

Kommunestyret - 032/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen vert Masfjorden kommune sin representant i forhandlingane med Vesteland fylkeskommune og Siva om eventuelt kjøp av aksjer i GMU. Forhandlingsresultatet skal leggst fram for kommunestyret for endeleg tilslutning.